

Språkreformatoren Moltke Moe – eit hundreårsminne

I hefte 1–2012 av Maal og Minne hadde Dag Gundersen ein jubileumsartikkel om Knud Knudsen (“kjempende profet”) i samband med 200-årsjubileet hans. Knudsen vart òg markert på andre måtar, og i 2013 stod Ivar Aasen for tur; jubileet hans vart utgangspunkt for eit heilt språkår. Dette er også ein jubileumsartikkel, men her festar vi merksemda på Moltke Moe, som var ein nøkkelperson når det gjaldt å sette Knudsens idear ut i livet, og som også stod sentralt i startfasen av Bymålslaget og Maal og Minne for drygt hundre år sidan. Moe var ikkje nokon kampens mann, som Knudsen, men heller den stillferdige og maurflittige slitaren. Grunnen til å dra han fram nett no er at han døydd den 15. desember 1913, berre 54 år gammal (dei to andre eg har nemnt, vart begge 83). Han var likevel så viktig i ein avgjerande fase av norsk skriftspråkutvikling at han fortener å komme fram i lyset ved dette høvet.

Det er ikkje skrive så mykje om Moltke Moe. Han var først og fremst folklorist, og den sentrale folkloristen i generasjonen etter han, Knut Liestøl, gav ut ein biografi over Moe i 1949 (etter å ha gitt ut Moes samla skrifter i tre band på 1920-talet). I tillegg vart det i 1980 skrive ei hovudoppgåve om Moes språkpolitiske innsats av Øyvind Haaland med tittelen *Riksmålsmann, landsmålsmann og nordmann*. Denne oppgåva er upublisert, men mykje av det følgjande bygger på den, for eg vil her konsentrere meg om Moe som språkpolitikar og praktisk fornorskar av det dansk-norske skriftspråket. Men først ei biografisk skisse, bygd på Liestøl.

Moltke Moe var son av ein av årets 200-årsjubilarantar som også er kommen litt i skuggen, eventyrsamlaren og biskopen Jørgen Moe (1813–1882). Moltke var fødd i Krødsherad i 1859 og fekk namnet Ingebret Moltke Moe, men det første namnet brukte han altså ikkje. Han følgde i farens fotspor ved å studere folkeminne (etter først å ha prøvd farens

andre fotspor, teologi), og dreiv aktivt innsamlingsarbeid. I 1886 vart han tilsett som ein av dei yngste professorane i Noreg, i “norsk Folkesprog” med førelesingsplikt også i “Folketraditioner”. Folkloristikken vart hovudfeltet hans, og i 1899 vart stillinga hans omdefinert til å gjelde dette faget (“folketraditioner og middelalderlig litteratur”), mens Marius Hægstad vart tilsett som professor i “landsmålet og dets dialekter”. (Sjå Venås 1992: 154-62 om denne prosessen.)

Folkloristen Moltke Moe går eg ikkje meir inn på her, sjølv om han nok har hatt ein del å seie for at Maal og Minne kom til å inkludere elementet “Minne”. Her konsentrerer eg meg altså om innsatsen hans i norsk språkpolitikk og språkhistorie, først og fremst overgangsfasen mellom det som i samtida vart kalla dansk-norsk og norsk riksmål. Grundigare allmennframstillingar av denne prosessen finn ein i Nygaard 1945 og Gundersen 1967.

Den første oppgåva Moe fekk som språkfornorskar, var det faren og P. Chr. Asbjørnsen som gav han, nemleg å tilpasse språket i nye utgåver av folkeeventyra til stilnormene i den tida utgåvene kom ut i. Øyvind Haaland (s. 44-47 i hovudoppgåva) har undersøkt Moes praksis ved å følge språkendingane i to konkrete eventyr i dei utgåvene Moe hadde ansvaret for, frå 1898, 1904 og posthumt utgitt i 1914. Han viser at Moe stort sett var ganske forsiktig i samsvar med det Knudsenske slagordet “gradvishetens vej”. I 1898 erstatta han ein del danske ord med norske (*Skorstenen* > *Peishellen*, *spiste* > *aad*, *vred* > *vond*), og innførte ein meir “logisk” og mindre “grammatisk” kommandbruk. I 1904 endra han lite, men i 1914-utgåva hadde han 1907-reforma bak seg og kunne gå lengre i å føre inn dei nye formene (i samarbeid med Anders Krogvig, som overtok dette arbeidet da Moe fall frå). Det er likevel påfallande at Moe hadde lagt fram meir radikale framlegg alt i 1898 som han da ikkje gjennomførte i eventyra. Han meinte det ikkje var rett å føregripe ei større reform ved å ta inn omstridde former i ei “folkebok” som eventyra. I andre skrifter, også utgåver av eventyr han sjølv hadde samla inn, var han derimot meir dristig.

Ein langt viktigare kanal for Moes fornorskingsarbeid var dei første utgåvene av Nordahl Rolfsens leseverk for folkeskolen som tok til å komme ut i 1890-åra. Bakgrunnen var Kyrkje- og undervisningsdepartementets vedtak frå 1887 om at den “dannede dagligtale”, ikkje skriftbildet, frå da av skulle vere rettesnor for høgtlesing av norsk-danske tekster. Den mykje siterte setninga: “*Han lader fem være lige, og bryder sig ikke om at broderen raaber og leder efter ham*” skulle da lesast: “*Han lar fem*

være like og bryr sig ikke om at broren roper og leter efter ham”. Dermed fekk ein eit sprik mellom lyd og skrift som skapte store problem for (dei dialekttalande) skoleelevane rundt i landet. I eit nytt leseverk – som alt før det kom var omstridd av mange andre grunnar enn språklege – ville det vere naturleg å prøve å redusere desse vanskane. Moe vart bedt av Rolfesen om å vere språkkonsulent for dette verket.

Det første bandet kom i 1892. Her finn vi strukturelle fornorskingar som fleirtal på *-er (stener)* for det danske *-e (stene)*, preteritum på *-ed (kasted)* for det danske *-ede (kastede)*, og kortformer som *blir, far, mor, bror* for *bliver, fader, moder, broder*. Endeleg førte Moe inn mange særnorske ord med norsk lydform, og dermed kom dei harde konsonantane breiare inn enn før, også i ein del ord som var felles med dansk. Men Moe hadde vanskeleg for å ta steget fullt ut. I staden førte han inn dobbeltformer i mange tilfelle: *raabe – rope, svepe – svøbe, sa – sagde* og mykje meir. Her tok han vidtgående stilistiske omsyn, men summen vart at også denne språkforma vart temmeleg vanskeleg å handtere for borna som også skulle lære seg å skrive – det var ingen faste reglar for kva former dei skulle velje. Moe erkjente sjølv at han ikkje hadde lykkast med dette, og gjekk i nye band dei følgjande åra og i nye utgåver seinare lengre i å gjennomføre norske former konsekvent, ikkje minst harde konsonantar og ei norskare verbøying (*talte, trodde* og *strævde* for *talede, troede* og *strævede*). Det vart mykje strid rundt dette, men lesebokverket vart til sjuande og sist ein stor suksess, også salsmessig, og det må ha vore viktig for å førebu grunnen for 1907-rettskrivinga.

Moe følgde opp språkrettarverksemda på tre måtar: med argumentasjon i talar og skrifter, med komitearbeid, og med lobbyarbeid, og dei to siste aktivitetane hang nok mykje saman. Departementet måtte godkjenne leseverket før det kunne brukast i skolen, og der sat det ein mektig ekspedisjonssjef, David Knudsen, som var sterk tilhengar av fornorskingslina. Det som vart godkjent, kom deretter inn i Jonathan Aars: *Norske rettskrivningsregler*, som i praksis var statens rettskrivningsordliste til skolebruk. Det vart gjort valfritt, så elevane skulle kunne skrive på den tradisjonelle måten, og dei same problema som alt hadde vist seg i bruken av lesebøkene, kom no. Valfriheit var eit heilt nødvendig ledd i ein gradvis språkreformprosess, men det var eit nytt prinsipp som det tok tid både for lærarane og elevane å finne ut av og handtere.

I 1898 kom så ein departementsoppnemnd komité med Moe og skolemennene S. W. Hofgaard og J. Aars med ein såkalla “Redegjørelse” om

rettskrivingsproblema i dansk-norsken. Der gjekk dei inn for å få lagt rettskrivinga nærare talemålet, og gjekk særleg inn på spørsmåla om harde konsonantar, konsonantfordobling i ord som *takk* (da stava *tak* etter dansk mønster), kommareglar, kortformer og særnorsk verbbygging (som eg har nemnt døme på ovanfor, men med framlegg om *kastet* i staden for *kasted*), og endeleg staving av framandord (*kaptein* for *capitaine*, *saus* for *sauce*, *sjal* for *shawl*, men framleis *ouverture*, *journal*, *bureau* osv.). "Redegjørelse" møtte mykje motstand, ikkje minst frå Bjørnstjerne Bjørnson, som no var i gang med ein stor kampanje mot alle norske språkreformar. Moe deltok lite i polemikken i første omgang, men i 1900 sende han ut eit større skrift, *Retskrivning og folkedannelse*, som kom til å bli eitt av dei ideologiske grunnskriftene for språkreformrørsla innanfor dansk-norsken. Eg går ikkje inn på innhaldet her, for skriftet er tilgjengeleg og eit av dei sentrale dokumenta i norsk språkhistorie. Det førte til mykje strid, men, som Haaland (s. 110) gjer merksam på, Moes eiga rettskriving i skriftet vart nesten ikkje kommentert, enda han her tok ut potensialet i "Redegjørelse" fullt ut. Det kan tyde på at det alt var i gang ein tilvenningsprosess.

Etter 1900 spela Moe ei meir tilbaketrekt rolle i reformprosessen. Departementet sende framlegget frå 1898 over til Det historisk-filosofiske fakultet ved det som no heiter Universitetet i Oslo til fråsegn. Der var Moe hovudtalsmann for framlegget, mens kapasitetar som Sophus Bugge, Johan Storm og Alf Torp leidde motstanden. Dei vann med ei stemmes overvekt. Til gjengjeld viste høyringar blant skolefolk utover landet sterk oppslutning om framlegget.

Det som deretter skjedde, var at Johan Storm, i alle år den sterkaste motstandaren av språkreformar, leverte eit eige framlegg til dei endringane han såg som uunngåelege i 1906. Men da var tida gått frå han: Unionen med Sverige var oppløyst, og dei nasjonale straumdraga i Venstre var på offensiven. Det enda med at Aars og rektor Marius Nygaard fekk i oppdrag å lage eit endeleg framlegg til reform, og dei stod på Moes line, sjølv om dei ikkje følgde Redegjørelse heilt ut (såleis vart ikkje fordoblinga i ord som *takk* gjennomført). Departementet modererte framlegget enda noko meir ved å behalde fleire tradisjonelle former som valfrie (*able*, *gaade*, *broder*, *hoved* v.s.a. *eple*, *gaate*, *bror*, *hode* osv.). Dessutan innførte dei ei veksling mellom hard konsonant i grunnord og "blød" i avleiingar og abstrakt (*sak* vs. *saglig*, *vite* vs. *viden*). Så vart den nye rettskrivinga innført ved kongeleg resolusjon i 1907. Sjølv om det var blitt "utvatna",

markerte dette vedtaket brotet mellom norsk-dansk og norsk riksmål, som etter ein ny revisjon vart omdøyppt til *bokmål*, og dermed krona på Moltke Moes verk.

I denne fasen var altså Moe meir tilbaketrekt. Haaland (s. 116–17) spekulerer litt over grunnane til dette, og han nemner både ein politisk faktor, at regjeringsmakta i 1903 gjekk frå Venstre til Høgre, så Moe mista posisjonen sin i forhold til departementet, og eit personleg moment, Moes aukande helseproblem, som blant anna gjorde han svært tunghøyrtd og avhengig av høyrerøyr. Men det var han som hadde lagt fundamenta og staka ut retninga, og det var berre eit tidsspørsmål før framlegga hans slo heilt igjennom både i normeringa og i bruksbokmålet. I samband med Knudsen-jubileet er Knud Knudsen blitt kalla “bokmålets far”. Men det kan vere rimeleg å seie at denne tittelen høver betre på Moltke Moe, mens Knudsen meir kan kallast bokmålets bestefar (eller kanskje gudfar).

Men Moe begrensa seg ikkje til bokmålet – han støtta også den nynorske målreisinga, men da meir i det stille. Dels ytte han mykje praktisk og økonomisk støtte til konkrete nynorsk-tiltak, og argumenterte for nynorsk både som pedagogisk hjelpemiddel i skriftspråksopplæringa for dialekttalande ungar, og som ein “døropnar” til innsikt i norske dialektar og norsk språkhistorie. Han hadde klare oppfatningar i normspørsmål også i denne målforma, og var kritisk til Aasens normering. Moes syn var at “landsmålet vilde være vel tjent med både i skrivebrug og sprogbrug at kaste alt dødt og formelmæssigt og overhoved holde sig mere til det almindelige end til det oprindelige”. Respekten for Aasen som fagmann vart ikkje redusert av det. Moe var ein god venn av Arne Garborg frå ungdommen av. I Garborgs ideologiske grunnskrift *Den nynorske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* blir “Hr. Cand. philos. I. Moltke Moe” takka for “stor Hjælp”. Det var i 1877, da Moe var atten år og Garborg 26. Også i seinare år har dei hatt god kontakt og truleg ein del gjensidig påverknad.

Det var ei indre motseiing i nynorsk-synet hans, viser Haaland (s. 127-28): Han ville ha ein meir lydrett skrivemåte, men også ei tilnærming til den andre målforma, og det gjekk ofte ikkje i hop (t.d. når han ville ha *gar, har, huse, kasta, sama, honn, konn, bakkan(n)e* for *gard, hard, huset, saman, kastade, horn, korn, bakkarne*). I andre tilfelle gjekk sjølvsagt dei to omsyna saman (*ei vise, skiljas, tiur* for *ei visa, skiljast, tidur*). Men da Moe sjølv fekk ansvar også for nynorsktekstene i Rolfsens lesebok, måtte han

slå vatn i vinen, og da prioritere tilnærminga, derfor vart det t.d. *huset, saman, bakkarne* (dansk-norsk *bakkerne*) og *kastad* (preteritum, jf. *kasted* i Moes reformerte dansk-norsk).

Ut over dette fekk ikkje Moe meir direkte å gjere med landsmålet, men han hadde god kontakt med Garborg og Rasmus Flo, som ved hundreårsskiftet utarbeidde “midlandsnormalen” – eit tiltak Moe nok hadde mykje sympati for. Midlandsnormalen vart offisielt tillaten for skoleelevar i 1901, men slo aldri igjennom på annan måte enn at ymse trekk i denne normalen etter kvart vart godkjent som vanleg nynorsk bruksmål (såleis *kasta, bakkane, ei vise*).

Øyvind Haaland stiller i hovudoppgåva si (s. 120 og 138) spørsmålet om Moltke Moe var riksmålsmann og / eller landsmålsmann – i oppgavetittelen supplert med “nordmann”. Det siste var han i alle fall, og for Haaland står det klart at han var både riksmålsmann og landsmålsmann samtidig som han ikkje var det, fordi det er avhengig av korleis ein definerer desse begrepa. Han var riksmålsmann i den tids forstand fordi han skreiv den språkforma som da heitte norsk riksmål, og la ned eit svært språkdyrkingsarbeid innanfor denne målforma for å gjere ho så lett tilgjengeleg for vanlege folk som råd, men ikkje i den forstand at han ville fremme riksmålet som einaste norske målform. På same måten var han landsmålsmann i den forstand at han arbeidde for mange tiltak til styrking av målsaka, men “nynorsk som einaste riksmål i Noreg” var ein framand tanke for han. Han ønskte – som nordmann – å redusere det han såg som ei potensielt farleg kløyving i folket ved å arbeide for ei gradvis og langsiktig samanveksing (heller enn samansmelting) av målformene til ei, som han var ein av dei første til å bruke ordet “samnorsk” om (som adjektiv: “et samnorsk skriftsprog”, og da meinte han berre “fellesnorsk”). Han formulerte hovudmålet sitt i den mykje siterte sentensen: “ett norsk sprog, i skrift som i tale, høveligt for alle nordmænd” (Moe 1926:65, jf. Venås 1993: 171).

Uttrykket “på norsk folkemåls grunn” var ikkje Moltke Moes, men han ville truleg ha støtta det, sjølv om det også er truleg at han ville ha åtvare mot å gå så fort og drastisk fram som det vart gjort seinare i hundreåret. Det er talande at han var motstandar av den obligatoriske sidemålsprøva til examen artium, som Stortinget vedtok i 1907, ut frå det synet at det kunne auke og ikkje minske den språkideologiske kløyvinga i folket.

Moe gav uttrykk for språksynet sitt i to essay: “Norsk og dansk sprogdragt” (1906) og “Nationalitet og kultur” (1909). I det siste finn vi

dette velkjente sitatet (Hanssen 1979: 172):

Har De været i Gudbrandsdalen og set brævandet fra Otta strømme ut i Laagen? Saaledes maa ogsaa de to nærskyldte maalformer flyte sammen. Og da vil det gaa som dør: Den brægrønne strøm løper en mil eller to for sig selv, i kanten av Laagens graalige vand. Men til længer den kommer, til mere skjærer den grønne stripen ut i strømm-faret. Og til slut er jøkelgrønheten borte, men ogsaa Laagens graahet; hele elven har skiftet lett, tat en lysere, grønlig farve.

Det mest organiserte uttrykket for eit “samnorskstrev” i Moes tid var skipinga av Bymålslaget i 1902, eigentleg som ein pendant til Det Norske Samlaget, som da vart mellombels omdøyppt til Landsmålslaget. Meininga var at dei to laga skulle arbeide parallelt, men kvar for seg, under fellesparaplyen Det Norske Samlaget: Bymålslaget skulle stri for fornorskinga av riksmålet, Landsmålslaget for ei “alminneleggjering” av landsmålet, med ei gjensidig tilnærming som ei følge. Moltke Moe var ein aktiv del-takar i Bymålslagets arbeid og sat i styret, oppnemnd av departementet, frå starten. I Maal og Minne, som oppstod i 1909 med Magnus Olsen som redaktør, skreiv Moe ein skilsettande artikkel i det første heftet (“Det mytiske tænkesæt”). Det aktive arbeidet for å drive vidare laget og tidsskriftet var det likevel andre og yngre krefter som måtte ta seg av (Lundeby 2011).

Dei siste åra han levde, deltok ikkje Moe aktivt i språkstrevet. Men historia gjekk vidare. Da Moe døydde i 1913, var det same året oppnemnt ei nemnd som skulle sjå på ei større rettskrivingsreform for både riksmål og landsmål, leidd av Moes gamle motstandar Alf Torp. Det var første opptaket til det som skulle bli 1917-reforma. Også her har vi altså ei relevant hundreårsmarkering i år.

Litteratur

- Gundersen, Dag. 1967. *Fra Wergeland til Vogt-komiteen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 2012. Knud Knudsen – kjempende profet. I *Maal og Minne* 1–2012, s. 150–69.

- Haaland, Øyvind. 1980. Riksmålsmann, landsmålsmann og nordmann. En presentasjon av Moltke Moes språksyn og plass i norsk språkhistorie. Upublisert hovedoppgåve.
- Hanssen, Eskil (red.). 1979. *Fra norsk språkhistorie. En antologi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jørgensen, Jon Gunnar og Lars S. Vikør (red.). 2011. *Nordiskfaget – tradisjon og fornying. Maal og Minne 100 år*. Oslo: Novus.
- Liestøl, Knut. 1949. *Moltke Moe*. Oslo: Aschehoug.
- Lundeby, Einar. 2011. Bymålslaget og Maal og Minne. Et hundreårsjubileum. I Jørgensen og Vikør 2011. 165–98.
- Moe, Moltke. 1900. *Retskrivning og folkedannelse*. Kristiania: Jacob Dybwads forlag. Opptrykt i Moe 1925: 219–59.
- . 1906. *Norsk og dansk sprogdragt. Retskrivnings-sakens vei og tempo*. Bymålslagets småskrifter 1. Opptrykt i Moe 1926: 64–84.
- . 1909. Nationalitet og kultur. I *Samtiden* 1909. 17–28. Opptrykt i Moe 1926: 252–64 og i Hanssen 1979: 162–75.
- . 1925. *Samlede skrifter I*. Utgitt av Knut Liestøl. Oslo: Aschehoug.
- . 1926. *Samlede skrifter II*. Utgitt av Knut Liestøl. Oslo: Aschehoug.
- Nygaard, Rolf R. 1945. *Fra dansk-norsk til norsk riksmål. Rettskrivningsstrevet i bokmålet inntil 1907*. Tanum.
- Venås, Kjell. 1992. *I Aasens fotefar – Marius Hægstad*. Novus.
- . 1993. Eitt mål i Noreg, høveleg for alle nordmenn. Om opptaket til samnorskpolitikken. I *Maal og Minne* 2–1993, s. 171–88.

Lars S. Vikør (redaktør)